

## NUTEN

Høgde over havet : ca 770 m

Tid: ca 1,5- 2 timar ein veg. (Liaset-Nuten)

Gradering: middels tung tur.

Lengd: ca 6 km

Nuten er ein av stølane som er tenkt som ein rundtur der Liaset er utgangspunkt og ein går Olavstøl- Nuten-Nordebotn-Botn. Som rundtur er dette ein lang tur på 12-13 km ein veg og vi antar gangtid på 4-5 timar. (Turen kan du og gå frå Botn.)

**Sjå Vegskildring Olavstøl.** Frå Olavstøl går turen vidare i lett synleg og merka sti mot Nuten, rett fram frå siste selet på Instestølen. Stien fylgjer undersida av Nutefjellet og Stavaskarsnuten. Stien er lett kupert og med varierende underlag. Terrenget har lett stigning i starten mot undersida av Gunnarhaug. Du går gjennom ei li med mykje små bjørk og vidare opp mot Fagerbrekkeberget. Du har store flater med myr på høgre sida under deg. Etter ein liten stigning vil du sjå Olavstøl igjen bak deg. Når du kjem opp under Fagerbekkeberget vil du møte ei lang steinur, stimerka går under denne, men ein kan og gå rett på skrå over ura til ein ser merke igjen på andre sida. Herifrå er det eit litt bratt klype ein skal rett opp, og no er du nær 880 moh. Du kjem opp eit høgdedrag der det er meir ope og med utsyn, og ein kryssar Hagabekken. No er det lett nedtrapping til Nuten. Du kan sjå ned på stølshuset på Nuten frå stien litt etter du har kryssa Hagabekken. Her finn du turkassa på stølshuset som er da einaste gjenståande på Nuten. Nutebekken renn gjennom stølsleiet.

Stien er merka med raud maling. Ps. » Klype « du skal opp kan for nokre synast utfordrande, og det går an å gå mot Nuten på **Nedre sti**, dette vegskilje er merka i starten på stien. Denne er lettare og har litt flatare terreng, og er merka med plastband. Her går du i lågare terreng med småskog og ein del myrterreng. Det er eitt bratt parti du må gå over. Her har vi hengt opp tau.

**Turtips 1:** Gå vidare frå Nuten til du kjem til Nordebotn, og så ned til Botn. Det vil vera merka sti heile vegen. Herifrå går du ned til Botn og tilbake på riksvegen til der bilen står parkert. Sjå for øvrig turbeskrivelse Nordebotn og Botn.

**Turtips 2:** Gå vidare oppover til Stavaskarsnuten og evt vidare heilt opp til Olsskavlen 1576 moh. Dette er ein lang, men flott dagstur i Granvin sine høgaste fjell.  
GOD TUR!